

MÅLBRUKSPLAN for Nord-Fron kommune

1. HISTORISK BAKGRUNN

Nord-Fron har lange tradisjonar som nynorskkommune. Dette har nok sin naturlege bakgrunn i at Frons-dialekten og nynorsk ligg svært nær kvarandre, og at Gudbrandsdalen er eit typisk nynorskområde.

Nynorsk var innført som skolemål i alle kretsane i 1939, og som målform i kommuneadministrasjonen i 1965 i samband med den andre kommunesamanslåinga med Sør-Fron. I 1977, da Nord-Fron og Sør-Fron kommunar på nytt skilde lag, stadfesta Nord-Fron kommune tidlegare vedtak om nynorsk som offisielt skriftspråk i administrasjonen. Dette vart også stadfesta ved vedtak i kommunestyret i 1986.

2. MÅLFORM

Nord-Fron kommune vedtok i kommunestyresak 25/77 i møte 28.01.1977 at det offisielle styringsmålet i kommunen skal vere nynorsk. Alle tilsette og alle kommunale organ pliktar å nytte nynorsk skriftspråk i tenesta.

Kommunestyret gjorde i sak 190/80 i møte 12.09.1980 vedtak etter lov om målbruk i offentleg teneste §5 om å krevje nynorsk i skriv frå statsorgan til kommunen.

Kommunestyret gjorde i sak 047/04 i møte 21.10.2004 vedtak om at nynorsk framleis skal vere administrasjonsspråk i Nord-Fron kommune, og i hovudsak bli brukt på kommunen sine heimesider, i kunngjeringar og i overordna plandokument. Vidare skal nynorsk i hovudsak nyttast i skriv til fylkeskommunalt og statleg forvaltningsnivå.

Den enkelte tilsette kan likevel nytte bokmål i sitt daglege arbeid dersom vedkomande meiner at ho / han meistrar dette betre, og det gir eit betre språkleg resultat. Slikt arbeid kan t.d. vere referat, notat, rapportar og saksframlegg, samt skriv til innbyggjarar og andre, der det ikkje er krav om ei bestemt målform.

3. SPRÅKPOLITISKE MÅL

Skriftspråket som blir nytta i administrasjonen i Nord-Fron kommune, må vere så godt og variert som råd. Utgangspunktet bør vere eit moderne, enkelt, lettfatteleg og brukarvennleg nynorsk.

Dialekten er ein viktig del av kulturarven. Derfor bør administrasjonsmålet liggje tett opp til talemålet der det er naturleg. Kommunen ser det derfor som ei viktig oppgåve å bidra til å ta vare på talemålet gjennom bruk og utvikling.

Mykje av grunnlaget for talemålet til barna vert i dag lagt i barnehagane og skolane. Fordi samværet med andre i barnehagane og grunnskulane påverkar sterkt talemålet til barna, er det særleg viktig at dei tilsette her let dialekt og nynorsk prege leik, opplesing og song m.m.

Skoleadministrasjonen har eit særleg ansvar for å gjere dei tilsette kjente med §40 i lov om grunnskolen, der det heiter at læraren i ordtilfang og uttrykksmåte skal ta omsyn til talemålet til elevane. På liknande vis må dei tilsette i barnehagane ta dei same omsyna.

4. RETNINGSLINER FOR SKRIFTSPRÅKET I KOMMUNEADMINISTRASJONEN

Bokmål og nynorsk har sprunget ut av same rot, men tatt ulike utviklingsvegar. Mykje av ordtilfanget er derfor felles, berre grammatiske endingar skil. Dette kjem best fram i bøyning av adjektiv, pronomen, substantiv og verb.

Nynorsk bruker dessutan mindre med framandord og vel heller gode særnorske ord i staden. Lokale ord og uttrykk som er i vanleg bruk i kommunen, bør kunne brukast når du fylgjer rettskrivingsreglane.

Det er likevel ein viktig regel vi bør hugse: Eit bokmålsord blir ikkje nynorsk om vi «norskar» det opp ved å hengje på ei nynorsk ending. Det er betre å ta bryet med å slå opp i ei nynorsk ordliste med bokmålstillegg.

Måten vi ordlegg oss på, er viktig for å få eit flytande, lett og godt språk. Nynorsk bruker meir aktive verb der bokmål brukar substantiv og passiv.

Språket vert ledigare om vi brukar ei personleg form. Derfor bør vi unngå det upersonlege ein der det er naturleg å bruke eg eller vi i staden.

Sjølv om nynorsk er det offisielle skriftspråket i kommunen, er det god skikk og bruk å svare på brev på den målforma som avsendaren har brukt, når brevet er frå ein privatperson.

I utlysing av ledige stillingar skal det stå at administrasjonsmålet i kommunen er nynorsk.

Det blir elles vist til utfyllande retningslinjer for språkbruken som følgjer vedlagt.

5. TILTAK

Hjelpemiddel og opplæring

På alle etatar/avdelingar i kommunen skal det vere nynorsk ordliste og fornorskingsordbok av nyare dato. Dei tilsette må søkje sakkunnig hjelp i målspørsmål. I kommuneadministrasjonen bør det til kvar tid vere ein eller fleire personar som kan stå til rådvelde som rådgjevarar i målspørsmål. Desse skal få særleg opplæring i nynorsk språkbruk, og vil få eit spesielt ansvar for å gje vidare opplæring internt ved behov.

Dei einskilte fagetatane skal gjere seg kjende med den nynorske terminologien på sine fagfelt. Det bør utarbeidast ei handbok som kan brukast til sjølvstudium. Tilsette i skolen og barnehagane skal gjerast kjende med dei lokale tilhøva når det gjeld språkformer, dialektar og lokal kultur.

Kommunen vil vere ope for å leggje til rette for at tilsette får tilgang til nye hjelpemiddel av ymse slag, som kan lette arbeidet med å skrive eit godt administrativt nynorsk.

Nynorskmateriell

Kommunen syter for at alle skjema, blankettar, kvitteringshefte og liknande er på nynorsk. Alt skriftleg tilfang i skulane og i barnehagane skal vere på nynorsk så langt råd er.

Alle tilsette bør følgje med på at departement og andre statsorgan - både lokale, regionale og sentrale - tek omsyn til dei språklege rettane kommunen har, og følgjer reglane i mållova om bruk av nynorsk. Vi skal også vere ein pådrivar for å få meir nynorskmateriell frå Kommunenes Sentralforbund og private samarbeidspartar/leverandørar. Landssamanslutninga av nynorsk kommunar er ein naturleg samarbeidspart i dette arbeidet.

Stadnamn


Kommunen ser det som viktig at byggjefelt, vegar og andre stadnamn får namn i samsvar med lokal namnetradisjon, og der uttalen er i samsvar med målføret. Lov om stadnamn frå 18. mai 1990 gjev reglar for skrivemåten av stadnamn.

Samarbeid med lokalsamfunnet

Kommunen vil arbeide for å få til eit samarbeid med næringsdrivande, organisasjonar o.a. i lokalsamfunnet om å drive god språkrøkt i lysingar, skilting og anna marknadsføring.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Kommunen er medlem i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som har til føremål å fremje nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.



UTFYLLANDE RETNINGSLINER FOR SPRÅKBRUKEN

Ordleggingsmåten er kanskje den viktigaste reiskapen for å få eit flytande, lett og godt språk. Her er nokre døme på aktiv og ikkje passiv setningsbygnad:

Døme:	Kommunen vil søkje om lån i den lokale banken.
ikkje	Finansieringa vert forsøkt dekt av lån i den lokale banken. Ordføraren tok saka opp til avrøysting.
ikkje	Saka vart teken opp til avrøysting av ordføraren.

Ordrekkjefylgja bør vere mest mogeleg som i vanleg talemål. Eigeomsformene min, din, sin, vår bør til vanleg kome etter substantivet.

Døme:	Rådmannen er på kontoret sitt
ikkje	Rådmannen er på sitt kontor

Vi bør også bruke **dobbel bunden form**.

Døme:	...det vedtekne budsjettet,
ikkje	...det vedtekne budsjett. ...det opphavlege framlegget,
ikkje	...det opphavlege framlegg.

Unngå for mykje **substantivbruk**. På nynorsk er det ofte betre å bruke verb og adjektiv der det på bokmål er substantiv.

Døme:	Han er kjend for si gjerrigheit.
betre	Han er kjend for å vere gjerrig. Dette har allmenn gyldigheit.
betre	Dette er allment gyldig.

Substantiv som byrjar på an- og be- eller sluttar på -heit og -else, bør vi vurdere kritisk. Finn gjerne eit anna ord eller skriv om.

Vi skriv såleis:	avgjerd	- ikkje bestemmelse
	sanning	- ikkje sannheit
	motmæle	- ikkje innsigelse
	tryggleik	- ikkje sikkerheit
	røyndom	- ikkje verkelegheit
	osv.	

Det personlege pronomenet i 2. person fleirtal heiter på nynorsk de i såkalla subjektsform, der det på bokmål heiter dere.

Døme: bokmål: Jeg håper dere vil finne dere til rette her!
Vil dere komme litt nærmere?
nynorsk: Eg håper de vil finne dykk til rette her!
Vil de komme litt nærare?

I såkalla objektsform derimot, som blir nytta når pronomenet er objekt (..finne dykk til rette.... Eg såg dykk i går.) og etter ein preposisjon (Dette er til dykk. Eg har ikkje høyrte meir frå dykk.) heiter pronomenet dykk.

Genetiv på -s er vanleg ved særnamn, til dømes Ivar Aasens ordbok, Noregs tilhøve til EU. Det same gjeld nemningar for tid og mål: tre mils veg, fire vekers ferie, fleire timars marsj. Genetiv på -s er òg vanleg til substantiv i ubunden form: i manns minne, eit langt livs arbeid.

Når det gjeld substantiv i bunden form vil vi som oftast unngå s-genetiv og til dømes bruke preposisjonsuttrykk. Den preposisjonen vi vanlegvis nyttar, er til: foreldra til eleven, garden til grannen. I mange dialektar er åt brukt tilsvarande som til. Men pass på å ikkje bruke til mekanisk slik at det kan bli mistyding. «Departementets brev» bør ikkje skrivast om med «Brevet til departementet» dersom det gjeld brevet frå departementet.

Sin-genetiv er vanleg å bruke i vendingar som: skolen sine elevar, kven si bok er dette? eller kven er det si bok? Til vanleg bør vi vere varsam med bruken av sin-genetiv, og særleg bør vi passe på å ikkje bruke sin-genetiv mekanisk i staden for s-genetiv, slik at «laboratoriets leder» blir til «laboratoriet sin leiar», eller «kommunens ordfører» blir til «kommunen sin ordførar». Naturleg ordlegging er det å skrive: leiaren for laboratoriet, ordføraren i kommunen.

Passiv på -st, tilsvarande passiv på -s i bokmål, bruker vi i nynorsk vanlegvis berre etter modale hjelpeverb.

Døme: Melding skal skrivast på fastsett skjema.
ikkje Melding skrivast på fastsett skjema.
Søknad kan sendast til Nord-Fron kommune.
ikkje Søknad sendast til Nord-Fron kommune.
Planen må sendast på høyring.
ikkje Planen sendast på høyring.

Kommunen skal i hovudsak nytte ei **konsekvent språkline**, og vi bør i utgangspunktet halde oss innafor læreboknormalen. Der det finst valfrie former, bør vi velje den forma som ligg nærast talemålet.

PRAKTISKE HJELPEMIDDEL FOR NYNORSKBRUKARAR I DET OFFENTLEGE

Bøker/oppslagsverk:

- Med andre ord* Magne Rommetveit. Den store synonymordboka gjev eit rikt utval av avløysingsord og alternative uttrykksmåtar for den som vil utvikle ordforrådet og uttrykksforma si. Nyare engelske lånord er drøfta særskilt. (NKS-Forlaget 1993) 616 s
- På godt norsk* Magne Rommetveit. Ei forkorta og omarbeidd utgåve av Med andre ord, særleg meint for vidaregåande skole. (NKS-Forlaget 1995) 320 s
- Nynorskboka* Definisjons- og rettskrivingsordbok (Samlaget 1993). 776 s
- Nynorsk ordliste* Alf Hellevik. Større utgåve(Samlaget 1996)
Oppslagsord, brukarretteleing, bokmål/nynorsk-liste o.a. 334 s
- Nynorsk ordliste for alle* Jon Bjones - Halvor Dalene (Universitetsforlaget 1996)
Oppslagsord, grammatikk og teiknsetjing, ordval o.a. 423 s
- Råd for uråd* Ola Breivega. Vegvisar gjennom nynorske minefelt. Ei bruksbok for m.a. tilsette i offentleg og privat verksemd. (Samlaget 1993) 120 s
- Handbok i referat- og notatskriving* Ola Breivega. Praktisk innføring på begge målformer. (Samlaget 1991) 95 s
- Skrivereglar. Nynorsk* Finn-Erik Vinje. (Aschehoug 1991. Ny utg. kjem våren 97) 115 s
- Praktisk nynorsk* Olaf Almenningen og Aud Søyland:Øvingar med grammatikk. Høver også for sjølvstudium. (Samlaget 1995) 96 s
- På saklista - Nynorsk språk- og dokumentlære for lokalforvaltninga* Jan Olav Fretland. Ei Praktisk lærebok i god, offentleg språkbruk, til kurs eller til sjølvstudium. (Landssamanslutninga av nynorskkommunar 1994)
- Statsspråk* Bladet for godt språk i staten.- Er også nyttig for kommunal sektor. Fire nummer i året. Gratis.
Utgjevar: Norsk språkråd

Datahjelpemiddel

- Det norske ordretttingsprogrammet* Dag og Tid A/S. Nynorsk ordliste/ordretttingsprogram for Word Perfect. (I tekstbehandlaren Microsoft Word 6.0 er det lagt inn nynorsk ordliste)

Nynorsk på data

Ingeborg Donali. Øvingsoppgåver i nynorsk formverk på data for elevar i ungdomsskulen og vidaregåande skule, og andre som ønskjer ein gjennomgang av formverk-reglane. (Eksamensforlaget 1992)

NYNO for Windows

Eit profesjonelt spesialprogram for å setje om bokmålstekstar til nynorsk. Det krev vanleg god språkkunnskap om resultatet skal bli bra, men programmet kan brukast av alle. (Leverandør: Dag og Tid. 1995)

Vedteke / Revidert:

1. Revidert av administrasjonssjef 14.06.2005 -- pkt. 2, 3. avsnitt - i samsvar med vedtak i K.sak 47/04 ; Målbruk i Nord-Fron kommune